



SPAR Uskedalen utvida 1. februar opningstida med ein time om morgonen og ein time om kvelden og leiinga er etter tre månadar veldig godt fornøgd med utvidinga.

Dagleg leiar Bente Nilsen opplyser til uskedalen.no om ein pluss på 2.000 kundar som har vore innom butikken.

Talet fordelar seg med 800 på morgontimen og 1.200 på kveldstimen.

- Dette fortel oss at kundane er fornøgde med den nye opningstida, seier Bente og legg til:
- Skal vi gje god service, må vi ha ope når kunden har behov!

(Foto: Ola Matti Mathisen)